

Dato: 27.10.2025

Vår referanse: 2025/3864/347

Senterpartiet Alver

Vedtak om formell åtvaring

I brev datert 6. oktober 2025 varsla Partilovnemnda om mogleg vedtak om formell åtvaring eller avkorting, fordi Senterpartiet Alver rapporterte inn fleire bidrag frå Senterpartiets Studieforbund etter fristen fastsett i partilova § 18 fjerde ledd. Partifinansiering.no viser at Senterpartiet Alver har mottatt til sammen kr 17 640 frå Senterpartiets Studieforbund, hvorav:

Kr. 3 000 mottatt 27. juni 2025, rapportert 5. september 2025 (fristen var 25. juli) – 42 dagar etter fristen

Kr. 1 800 mottatt 27. juni 2025, rapportert 5. september 2025 (fristen var 25. juli) – 42 dagar etter fristen

Kr. 4 600 mottatt 27. juni 2025, rapportert 5. september 2025 (fristen var 25. juli) – 42 dagar etter fristen.

Merknader frå partiledet

I e-post den 6. oktober 2025 skriv leiar i Alver Senterparti:

«Eg beklager at det ikke er blitt rapportert inn innen fristen. Som fersk leder har eg ikke fått med meg denne fristen på 28 dager dessverre, og trodde fristen var 5. september. Eg og mitt parti skal så klart ta dette til etterretning og overholde fristen fremover.»

Partilovnemndas vurdering

Ei av oppgåvene til Partilovnemnda er å fatte vedtak om forvaltningssanksjon når eit parti eller partiledd har brote reglane i § 18 fjerde ledd i partilova.

Korrekt rapportering og publisering av bidrag i valår er særleg viktig for å oppnå lova sitt formål om openheit kring finansieringa av politiske parti. Manglande kunnskap om regelverket eller svikt i interne rutinar vert ikkje godtekne som orsaking for brot på lova.

Det er partiet eller partiledet sitt eige ansvar å organisere verksemda slik at regelverket vert følgt.

Partiledet skriv at dei trudde den endelege fristen var 5. september 2025. Nemnda vil her gjere oppmerksam på at statistisk sentralbyråa (SSB) sidan 8. januar 2025 jamleg har gitt partia informasjon om pliktane etter §18 fjerde ledd i partilova.

E-postadresse:
post@partilovnemnda.no
Internett:
www.partilovnemnda.no

Kontaktperson:
Daniel Giske
Tlf. 22 24 68 73

Postadresse:
Partilovnemnda
Postboks 14
6801 FØRDE

I denne saka er det dermed klart at fleire bidrag vart rapportert etter den lovbestemte fristen, og Partilovnemnda vurderer at dette bør føre til ei formell åtvaring. Åtvaringa inneber ein prøvetid på to år frå vedtakstidspunktet. I prøvetida kan nye brot på partilova eller forskrifta bli sanksjonert strengare enn det som elles ville vore praksis for tilsvarande brot. Det kan bety avkorting i den statlege partistøtta.

Med heimel i partilova § 24 andre ledd, jf. § 28 og § 18 fjerde ledd, gjer Partilovnemnda følgjande einstemmige:

Vedtak

Senterparti Alver får ein formell åtvaring.

Åtvaringa gjeld i to år med verknad frå vedtaksdatoen.

Vedtaket frå Partilovnemnda kan ikkje påklagast, men kan bringast inn for domstolane som kan prøve alle sider ved vedtaket, jf. partilova § 28 andre ledd.

For Partilovnemnda

Ragna Aarli
Leder

Daniel Giske
Sekretariatsleder

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi: Vestland Senterparti